

# Marknadsføringsplan og plan for auka bruk

Bergen Turlag har ein omfattande marknadsføring av tilbodet sitt. Både hyttene og rutene. I og med at dette prosjektet vil inngå i det heilheitlege tilbodet til Bergen Turlag, vil dette prosjektet få svært god marknadsføring. Det blir også frå tid til anna laga nye brosjyrer frå kvart av fjellområda Bergen Turlag har hytter. Turane vil også bli registrert på ut.no

Lokallaga som er involvert i prosjektet vil også gjennom sine kanalar marknadsføre prosjekta. Det kan vere på heimesidene, facebook og gjennom brosjyrer.

## Marknadsføringstiltak

- Medlemsbladet Sti og Varde
- Brosjyrer
- Facebook
- Informasjonstavler
- Ut.no
- Lokalpresse
- Gjennom nettverket til lokallaga
- Fellesturar
- Ulike kampanjer for auka interesse omkring hyttene våre

## Plan for auka bruk

Eit viktig verktøy for auka bruk er marknadsføringstiltaka over.

Tilrettelegging for bruk er også svært viktig. Difor lager me ein del informasjonstavler. Like viktig er nettbasserte løysingar. Våre turar vil bli lagd ut på ut.no. Mange er der allereie utan gradering.

Mange av arrangementa til Bergen Turlag blir lagd langs desse stiane allereie. Mange fellesturar vil kvart år gå her. Jungeltelegrafan frå desse miljøa trur me også vil bidra til auka bruk.

Vedlagd følgjer hyttestatestikk for hyttene til Bergen og Hordaland Turlag.

